

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 23.05.2024, kl.10:30-15:40  
**MØTESTAD:** Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

### Forfall

Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Helge Robert Midtbø, kst. direktør Kirurgisk klinikk  
Vidar Øvrebø, kst. direktør Drift og eigedom  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Asle Kjølraug, fagdirektør  
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Stian Sægrov, ambulansesjef  
Robert Brennersted, avdelingssjef  
Marit Solheim, forskingsleiar

Guro Mjanger, seksjonsleiar  
Frode Schanke, IKT-sjef  
Lars Inge Eikefjord, IKT-sikkerheitsleiar

## SAKSLISTE

Saksnummer	Sakstittel
028/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
029/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 06.03.2024
030/2024	Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF 21.03.2024
031/2024	Administrerande direktør si orientering
032/2024	Rapportering frå verksemda per april 2024
033/2024	Økonomisk langtidsplan 2025-2029
034/2024	Prehospital plan – rapportering 2. halvår 2023
035/2024	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde
036/2024	Rapportering om prosjekt og digitaliseringsaktivitetar
037/2024	Risikostyring 2024 – rapportering 1. tertial
	Saker til orientering
038/2024	Eventuelt

Lukka del:

039/2024	Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik 2023
040/2024	Lønsforhandlingar 2024 - fullmakt

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

### **Sak 028/2024    Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet**

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Thomas Vingen Vedeld og Aud Ingrid Espeland hadde meldt forfall
- Gjennomgang sak 034/2024 “Prehospital plan – rapportering 2. halvår 2023” vart noko forskyv
- Agenda til Partnerskapsmøte vart utdelt

**Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 029/2024      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF  
06.03.2024****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 06.03.2024.

**Sak 030/2024      Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte i  
Helse Førde HF 21.03.2024****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner protokoll frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF 21.03.2024.

**Sak 031/2024      Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia om nytt punkt 11: Personalsak – orientering, UOff jf. Helseføretakslova §26 a

Innleiing med bilder frå:

- Presseoppslag «Har ansatt fem faste overlegar ved Nordfjord sjukehus»
- Presseoppslag «Styrkar tilbodet»
- Merkedag i medisinsk poliklinikk
- Spesialistlege fysikalsk medisin og rehabilitering
- Skinande lysmaleri i Livabygget

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Oppfølging styrevedtak Tronvik - status**

Adm. direktør Varden innleia om at siste pasient forlet Tronvik 15. april. Vi har hatt møte med Høyanger kommune om arealbruken, og har vore god dialog med kommunen.

Direktør Tvedt orienterte om: TSB - pasientbehandling

Siste pasient vart utskreven frå Tronvik 15. april 2024. Det er ikkje stor markant auke døgnopphald NPS Rus. Har ikkje brukt private avtaleplassar 2024. Noko auka rettleiings- og avklaringsbehov for behandlarar i poliklinikk og kommunale tilvisarar. Styrkt med noko poliklinisk kapasitet ved psykiatrisk poliklinikk, samt TSB koordinator. Det er framleis gått kort tid, så det er framleis behov for å følgje mogleg konsekvensar.

*Styret etterspør ei jamleg orientering om oppfølging styrevedtak Tronvik.*

Direktør Tvedt sa at det blir jamleg orientering til styret, også evaluering halvårleg.

HR-direktør Skjelten orienterte om omstillingsprosessen m.o.t. tilsette.

Direktør Midtbø orienterte om bygningssmasse og areal på Tronvik.

## 5. Oppfølging styrevedtak Florø - endra tenestetilbod

Adm. direktør Varden orienterte om: Status omstilling Florø

- Endringane gjennomførte frå april til medio mai
- Tilsette har flytta eller gått inn i ledige stillingar i Førde
- Det pågår dialog internt og med huseigar kring framtidig arealløysing

Adm. direktør Varden sa at det blir jamleg orientering til styret.

## 6. Status lærlingar

Utviklingsdirektør Kleiven orientert om: Status lærlingar i Helse Førde

Vi har lærlingar innan:

- Ambulanse
- Kokk
- Portør
- Helsefag
- Kontorfag

Helsefaglærling i Helse Førde, med oppfølging og organisering.

## 7. Forbetringsundersøkinga 2024

HR-direktør Skjelten orienterte om: Forbetringsundersøkinga 2024

- Deltaking viser 74,9% i 2024 (noko nedgang frå 2023)
- Vi har høgast deltaking av helseføretaka i Helse Vest
- Score for Helse Førde viser 81,9. Dette er høgast score i Helse Vest

## 8. Løypemelding – Framtidig organisering AAM

Adm. direktør Varden orienterte om: Løypemelding – framtidig organisering AAM

- Arbeidsgruppa ber om innspel på alternativ til organisering
- Det har vore intervju 20 interne interessentar
- Arbeidsgruppa har hatt fem møter
- Arbeidsgruppa har utarbeidd 2 forslag til omorganisering, begge i 2 variantar
- Arbeidsgruppa ber om innspel frå organisasjonen på forslaga
- Frist for innspel er 27. mai 2024
- Nytt møte i arbeidsgruppa 29. mai
- Sak til styremøte 21. juni, ev ekstra styremøte omkring 10. juni

Alternativa vart skissert. Ambisjonen er at stillingane vert utlyst før sommarferien.

HR-direktør Skjelten orienterte om arbeidet med det psykososiale arbeidsmiljøet. Vi har ikkje interne ressursar til dette arbeidet. Derfor benyttar vi AFF i denne prosessen.

## 9. Campus Vie - sluttrapport

Adm. direktør Varden orienterte om: Sluttrapport Campus Vie

Saman om ein attraktiv regional FELLEARENNA innan helsefagleg utdanning, forskning og innovasjon

Vi gjer dette fordi vi har overlappende samfunnsoppdrag. Vi byggjer vidare på etablert samarbeid og nasjonale føringar.

Prosjektgruppa tilrår til hovudgrep for vegen vidare: FELLEARENNA og HELSEKLYNGE

*Styreleiar Krakhellen kommenterte at dette er spennande å jobbe med, og kan bli orientering til styret seinare.*

*Styret kommenterte aktivitet av Helse Vest IKT i dette samarbeidet, og at leigeinntekter frå både dei og andre interessentar er viktig for å sikre finansiering av prosjekt og investeringar.*

## 10. Status Luftfartstilsynet sin rapport vedr. helipad

Beredskapssjef Terje Olav Øen orienterte om status helikopterlandingsplass

- Nytt redningshelikopter SAR Queen frå 1. oktober 2024
- Arbeid med dispensasjonssøknad og ROS vurdering – omfattande

- BSL gjeld også for militært helikopter
- CHC: 3 månader: 15 oppdrag
- Landingsplass i Lærdal og Nordfjordeid

Driftshandbok er under revisjon og skal vere klar før sommarferien (1. juli). Mykje er på plass – ventar på ekstern konsulent for innflygingstrasear og ulike nivå/sectorar. Luftfartstilsynet har fått svar på avdekka avvik.

Adm. direktør Varden orienterte om at “Høyringar og tilsyn” er fast sak på kvar tysdagsmøte i føretaksleiinga. Høyringar blir fordelte til sakshandsamar.

LUKKA DEL:

*Helseføretakslova §26 a*

### **11. Personalsak - orientering**

OPEN DEL:

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

## **Sak 032/2024      Rapportering frå verksemda per april 2024**

### **Oppsummering**

*Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa:*

- Somatikk: Det er ytterlegare noko reduksjon av ventetidene. Det er innan dei kirurgiske områda ventetida er lengst, då spesielt øyre-nase-hals avdelinga.
- Det er relativt mange fristbrot, med 214 nye
- Psykisk helsevern: Vi har framleis utfordringar med relativt langt ventetider for barn og unge.
- Resultatet i april var minus 7,0 millionar kroner, som er 6,9 millionar bak budsjett.
- Samla sjukefråvær i mars var 8,3 prosent, ein auke på 0,3 prosentpoeng.
- Revidert nasjonalbudsjett består av varige styrking av rammene og midlertidig styrkingar for å ta ned mellom anna ventetider.

*Fagdirektør Kjørskog orienterte om: Fag og kvalitet*

Pasientflyt april 2024

Nytilviste 6 167 (19%)	Ventelistekø 6 196 (-6%)	Totalkø 45 651 (2%)	Avslutta 5 438 (14%)
---------------------------	-----------------------------	------------------------	-------------------------

- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Fristbrot, registrert 214 nye
- Andel ikkje møtt, viser 2,4 prosent
- Helse Norges kvalitetsindikatorar, med oversikt kvalitetsindikatorar i Helse Førde

#### *Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

- Aktivitet somatikk
- Aktivitet psykisk helsevern
- Akkumulerte DRG-poeng produsert i Helse Bergen for Helse Førde (somatikk)
- Sjukefråvær 8,3 prosent i mars
- Resultat per april er minus 7,0 millionar kroner, som er 6,9 millionar kroner bak budsjett
- Likviditet
- Prognose 1 er utarbeidd på klinikknivå. Samla budsjettavvik på mellom 80 og 90 millionar kroner.
- Revidert nasjonalbudsjett

Adm. direktør sin overordna vurdering:

- Syner store utfordringar i somatikken - særskild knytt til lønnsområdet
- Stor uvisse knytt til oppstart av Livabygget
- Framleis ikkje oversikt over effekt av tiltak, eks. Tronvik, Florø

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2024 til vitende.

## **Sak 033/2024    Økonomisk langtidsplan 2025-2029**

### **Oppsummering**

Økonomisk langtidsplan synleggjer dei økonomiske utfordringane og det store behovet for omstilling og endring som er kravd av organisasjonen for at Helse Førde skal drifte innanfor gjeldande rammevilkår. Helse Førde reduserer resultatkravet noko samanlikna med førre rullering av økonomisk langtidsplan som følgje av dei økonomiske utfordringane. Vi ser at det ikkje er realistisk å oppnå balanse på kort sikt, men at det vil krevje tid til omstilling og endring.

I dei komande fem åra er investeringsbehovet fordelt mellom: Bygg infrastruktur, medisinsk-teknisk utstyr, IKT og ambulansar

Beløp i helle tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028	2029
SUM Bygg	242 700	26 700	13 000	13 000	17 000	20 000
SUM MTU	8 000	25 000	21 000	25 500	26 500	28 500
SUM anna	2 000	15 000	16 000	16 500	16 500	16 500
<b>SUM investeringar</b>	<b>252 700</b>	<b>66 700</b>	<b>50 000</b>	<b>55 000</b>	<b>60 000</b>	<b>65 000</b>

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- *Fristar og framdrift økonomisk langtidsplan - våren 2024*
- *Føringar frå Helse Vest - økonomisk langtidsplan 2025-2029*
- *Store investeringsbehov*
- *Drift - utfordringsbilde*
- *Endra resultatkrav og bruk av kassakreditt eller internlån krev godkjenning av Helse Vest*
- *Innsparingskrav*
- *Kontantstraum og likviditet*
- *Korleis løyser klinikkane sine innsparingskrav*

Oppsummert:

- *Resultatkravet vert redusert med 10 millionar frå førre økonomiske langtidsplan (2024-2028)*
- *Likviditeten er krevjande*
- *Investeringsnivået er redusert til eit lågt sett opp mot behovet*
- *Den økonomiske langtidsplanen tek innover seg dei økonomiske utfordringane som Helse Førde står overfor på noverande tidspunkt, og inkluderer difor forventa avvik/prognose for resultatavvik komande år*
- *Samstundes er det i denne prognosen i liten grad tatt høgde for endringar knytt til Nye Førde sjukehus, både økonomiske konsekvensar knytt til flytting og driftskostnader*
- *Fleire andre kjende risikomoment er heller ikkje tatt høgde for i planen slik den ligg føre*

*Styret kommenterte at likviditeten er bekymringsverdig. Det er alvorleg bilde framover.*

### **Framlegg til vedtak:**

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2025-2029 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

### **Styret hadde følgjande tilleggs punkt:**

Punkt 2.

Styret er uroa over den økonomiske situasjonen til Helse Førde i ØLP-perioden. Helse Førde har gjennomført tiltak for å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammene. Arbeidet med nye, og til dels større, tiltak må halde fram for å halde aktiviteten innanfor dei gjevne økonomiske rammene.

Punkt 3.



Omstillingsarbeidet må ha høgt fokus på tenestekvalitet, pasienttryggleik og HMT for dei tilsette.

Punkt 4.

Styret ber administrerande direktør drøfte desse utfordringane med vår eigar, Helse Vest RHF.

### **Votering:**

Adm. direktør sitt framlegg punkt 1, med styret sine tilleggspunkt 2-4, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2025-2029 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret er uroa over den økonomiske situasjonen til Helse Førde i ØLP-perioden. Helse Førde har gjennomført tiltak for å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammene. Arbeidet med nye, og til dels større, tiltak må halde fram for å halde aktiviteten innanfor dei gjevne økonomiske rammene.
3. Omstillingsarbeidet må ha høgt fokus på tenestekvalitet, pasienttryggleik og HMT for dei tilsette.
4. Styret ber administrerande direktør drøfte desse utfordringane med vår eigar, Helse Vest RHF.

## **Sak 034/2024    Prehospital plan – rapportering 2. halvår 2023**

### **Oppsummering**

Helse Førde har over ein lengre tidsperiode gjort seg erfaringar med endringane som vart vedtekne i prehospital tenester for Ytre Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn. Tenestene som vert leverte er føreseielege og av god kvalitet. Det er godt samarbeid med kommunar og andre aktørar i dei prehospital tenestene. Evalueringa byggjer vidare på tidlegare evaluering og løypemeldingar for områda, der også kommunane har vore delaktige. Neste rapportering er tenkt som siste oppfølging i tråd med styrevedtaket.

*Adm. direktør Varden innleia om saka, som no har 3. evaluering (jf. styrevedtaket). Den 4. evalueringa vert i oktober/november.*

*Ambulansesjef Sægrov orienterte om:*

- *Planane for stenging av Lærdalstunnellen. Desse planane er blitt endra i høve til første del av planlegginga.*
- *Stengingar i Indre Sogn, grunna vegarbeid*

Styret ber om ein gjennomgang av kva tunellstengingane betyr for akuttberedskapen i Indre Sogn.

*Avdelingssjef Brennersted og ambulansesjef Sægrov svara på spørsmåla.*

Styret ber adm. direktør avklare med fylkeskommunen og statsforvaltaren punkt om betaling av beredskapsferje i området Askvoll - Atløy.

### **Endringsframlegg frå styret:**

Punkt 4 i framlegg til vedtak vert teke ut.

### **Votering:**

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak punkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospitale tenester i samsvar med prehospital plan.
2. Styret ber administrerande direktør fremje sak for styret i junimøtet i år, der beredskapsavtalen med Redningsselskapet om supplerande kjøp av akuttmedisinske oppdrag vert evaluert.
3. Styret ber administrerande direktør fremje sak for styret i junimøtet i år, der ein evaluerer kjøp av tenester frå Skyss til beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy.

## **Sak 035/2024      Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

### **Oppsummering**

Styringsdokument 2024 for Helse Førde har følgjande hovudmål 2:

«Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik.»

Statusrapport om forskning -og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde viser aktivitet for 2023 og status hittil i 2024. Helse Førde hadde svært høg aktivitet på området i 2023, og fekk også tilslag på fleire eksterne søknadar. Dette er eit resultat av at ein over år har auka ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, bygd kompetanse og betra infrastruktur og støttesystema rundt. Det er viktig å halde fram det målretta arbeidet, sjølv om økonomien i føretaket vert strammare.

*Utviklingsdirektør Kleiven innleia om saka.*

*Forskningsleiar Solheim orienterte om:*

- *Utvalde målindikatorar frå handlingsplan FOI-strategien*
- *Vitskaplege publikasjonar og publikasjonspoeng 2011-2023*
- *Ressursbruk (kostnader) til forskingsarbeid i Helse Førde 2023*

- *Kliniske studiar*
- *Søknader - sentral indikator på prosjektaktivitet*
- *Støttesystem for forskning og innovasjon*

*Seksjonsleiar Mjanger orienterte om:*

- *Innovasjonssøknader: 2015-2024: 51 søknader til eksterne kjelder, det 69% innvilga*
- *Fekk tildeling på NorseImpact frå Norges Forskingsråd*
- *Innovasjonsindikatorar*
- *Kirsten Lerum Indrebø - ein pioner. Ho har disputert om stomi*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret ber administrerande direktør halde fram det målretta arbeidet med å styrke forskings- og innovasjonsaktiviteten og å bygge tenlege støttesystem for dette, i samsvar med overordna føringar og vedteken strategi og handlingsplan for forskning og innovasjon for perioden 2020-2025.

**Sak 036/2024      Rapportering prosjekt og digitaliseringsaktivitetar**  
Saka utsett.

**Sak 037/2024      Risikostyring 2024 - rapportering 1. tertial**

### **Oppsummering**

Risikostyringa i 2024 omfattar sju risikoområde, derav fem er valde ut av Helse Vest:

- *Nytte av digitalisering*
- *Legemiddelområdet*
- *Uønskt variasjon og prioritering*
- *Behalde og rekruttere medarbeidarar, samt auke jobbnærvær*
- *Beredskap*

Helse Førde har tidlegare valt ut tre område:

- *Økonomi*
- *Rekruttering*
- *Intern samhandling*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapportering risikostyring 1. tertial 2024 til vitende og merkar seg at det framleis er særskilt høg risiko knytt til økonomiområdet.

Saker til orientering:

## Sak 038/2024    Eventuelt

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

### **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- Årsmelding samhandling 2023
- Samhandlingsnytt mars 2024
- Referat frå møte i felles brukarutval 14.12.2023
- Referat frå møte i felles brukarutval 07.02.2024

#### LUKKA DEL:

*Helseføretakslova §26 a*

## Sak 039/2024    **Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik 2023**

### **Oppsummering**

Rapporten inneheld ei oppsummering av arbeidet med informasjonstryggleik i Helse Førde siste året.

*IKT-sjef Schanke orienterte om arbeidet med informasjonstryggleik i Helse Førde.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapporten «Leiingas årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit 2023 for Helse Førde» til vitende.

*Tilsettere representantane Thorsnes, Aven, Heggland, Sunde Kvile og brukarrepresentant Aarvik deltok ikkje ved handsaming av sak 040/2024.*

## Sak 040/2024    **Lønsforhandlingar 2024 - fullmakt**

*HR-direktør Skjelten orienterte om lønsforhandlingar og fullmakt.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret gir administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre lønsforhandlingar i tråd med resultatet i Spekter-området og innanfor ansvarlege økonomiske rammer.

Ref. Berit Irene Haarklau  
23.05.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland (sett)	Medlem
Thomas Vingen Vedeld (sett)	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem